




©Johan Trygve Solheim

## RETTLEIAR FOR etablering av hjorteoppdrett

- Er garden eigna til hjorteoppdrett?
- Søke om konsesjon for å drive oppdrett
- Livdyr – bygge opp ein bestand
- Produksjonstilskot
- Slakting og sal av kjøt



©Johan Trygve Solheim

# Rettleiar for etablering av hjorteoppdrett

I Noreg er det i 2025 meir enn 100 hjorteoppdrettarar spreidd over heile det sørlege Noreg.

Denne rettleiaren er laga for dei som er nysgjerrige på hjorteoppdrett og som vil sjå kva moglegheiter som ligg i å produsere hjortekjøtt på eigen gard. Hjorteoppdrett er ein ekstensiv produksjon og kan høve for dei som vurderer å slutte med meir intensive produksjonar, men som ynskjer å halde fram med matproduksjon på garden.

## Er garden eigna til hjorteoppdrett?

For å drive hjorteoppdrett krev det at hjorten har store nok areal til å trivast. Areal skal ha innmark og gjerne utmark med skog som dyra kan søke inn i for å finne skjul og le. Areal skal og ha ein høveleg arrondering og dei skal vere moglege å gjerde. Kompetanse for å gjere slike vurderingar har Norsk Hjorteavlsforeining og Norsk Hjortesenter. Ein kan vende seg til kommunen for å få hjelp.

## Ta kurs for å lære oppdrett

Dei fleste som har starta med hjorteoppdrett har teke kurs før dei har etablert oppdrettet. Norsk Hjortesenter på Svanøy er den einaste aktøren i Noreg som tilbyr kurs i hjorteoppdrett. Kursa vert sett opp anna kvart år, men ved å ta direkte kontakt kan ein eventuelt få eit tilpassa opplegg.

**KONTAKT Norsk Hjortesenter her**



## Søke om konsesjon for å drive oppdrett

Det er viktig at ein opprettar dialog med kommunen før ein set opp hjortehegn. Det er kommunen som gjev løyve til oppdrett gjennom å gje konsesjon. Kommunen skal i konsesjonshandsaminga sette krav til drift av oppdrettet i samsvar med lover og forskrifter.

## Søk stønad

Å starte med hjorteoppdrett krev vesentlege investeringar i mellom anna gjerder og handteringsanlegg. Frå ein byrjar med gjerding til ein skaffar seg livdyr og har slakteklare dyr går det gjerne minimum to år. Det er difor viktig å søke det offentlege om stønad til investeringar. Landbruksavdelinga i din kommune kan hjelpe deg med å finne fram til dei ulike støtteordningane.



## Set opp gjerder

Gjerdene skal vare lenge, minimum 30 år, og det er viktig å gjere ein god jobb med grunnarbeidet og velje netting av god kvalitet. Men før ein byrjar må ein ha ein klar plan for kor mange hegn ein skal ha, korleis dyra skal førast frå det eine hegnet til det andre, og ein plan for alternierende beiting, kalvehegn og overvintringshegn. I tillegg må hegna fungere effektivt med tanke på driving/flytting av dyra, samt kor det er lurt å plassere føringsekkar og kraftfôrstasjonar.



## Bygge handteringsanlegg

Hjorten er oftast villare enn andre husdyr, og han er såpass stor at han ikkje utan vidare let seg handtere. Dei fleste vil difor ha behov for eit handteringsanlegg til å sette øyremerke, gje medisin eller skjere klauver på hjorten. Eit handteringsanlegg består av drivgangar og avdelingar som gjer at ein kan skilje hjortane og handtere dei ein og ein. Ofte er det også bygt inn ei klemme som held hjorten fast for å forenkle øyremerking eller fjerning av gevir.

## Livdyr – bygge opp ein bestand

Når ein startar med husdyrhald skal ein registrere dette hjå Mattilsynet. Det er råd å kjøpe livdyr frå andre oppdrettarar når ein skal etablere seg. Det er restriksjonar for kor du kan kjøpe livdyr på grunn av fare for smitte av dyresjukdommar. Ein må difor kontakte Mattilsynet før ein kjøper dyr frå andre for å få rettleiing, eventuelt levere søknad for godkjenning av kjøp. I tillegg er det råd å søke kommunen om å fange inn ville hjortekalvar. Dette kan vere eit effektivt tiltak for å få inn friskt blod til garden.

## Produksjonstilskot

Oppdrett av hjort er likestilt med anna kjøtproduksjon og som produsent har du rett til å søke produksjonstilskot, arealtilskot med meir. Det er difor viktig at ein frå første dag er registrert som aktiv landbruksprodusent og søker landbruksdirektoratet om tilskot. Ta difor kontakt med din kommune om hjelp og rettleiing om du ikkje kjenner til dette.



## Slakting og sal av kjøt

Hjort kan slaktast i hegn på garden. Men dette krev at offentleg godkjent veterinær kontrollerer dyra før slakting og at Mattilsynet godkjenner slaktet etter avliving. Slaktinga skal utførast av kompetent slaktar.

Ein del oppdrettarar har bygd eigne slakteri på garden og omset alt kjøt sjølv. Men dette er kostbart. Uansett er det viktig å ha tenkt gjennom korleis ein skal slakte og korleis ein handtere og selje kjøtet. I dag vert det aller meste av kjøtet i norsk hjorteoppdrett selt av produsentane sjølve til privatkundar eller lokale restaurantar og butikkar.

## Gardsturisme

Fleire hjorteoppdrettarar kombinerer hjorteoppdrettet med gards- turisme. Det er populært å kome inn på tunet og sjå hjort på nært hald og dette er opplevingar som mange set pris på.





## Samarbeid

Norsk Hjorteavlsforeining, Hjorteklynga og Norsk Hjortesenter er sentrale aktørar i hjorteoppdrett som høvevis ei produsentforeining, ei næringsklynge for næringsaktørar innan hjortekjøtt og kompetansesenter for vill og oppdretta hjort. Ved spørsmål kan ein ta kontakt med desse.

Klikk på respektive logo for å besøkje nettstaden:



Statsforvaltaren  
i Vestland



Norsk Hjorteavlsforeining

